

RÅDSFORORDNING (EF) nr. 1417/97**av 22. juli 1997****om endring av forordning (EØF) nr. 822/87 om den felles markedsordning for vin(*)**

RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 43,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen⁽¹⁾,

med tilvising til fråsegna frå Europaparlamentet⁽²⁾,

med tilvising til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet⁽³⁾ og

ut frå desse synsmåtane:

Medlemsstatane bør få høve til å tillate nyplanting på areal som er meinte for dyrking av morrotstokkar for podekvister. Det bør gjerast tiltak for å unngå at dette unntaket fører til at produksjonen av most eller vin aukar.

For å ta omsyn til dei særlege vilkåra for framstilling av bordvinar i Spania og Portugal bør det fastsetjast mellombels unntak for samanstikking av vinar i Spania og for det totale syreinnhaldet i visse bordvinar som er framstilte i dei to førnemnde medlemsstatane. Unntaket bør òg utvidast til å omfatte bordvinar som er framstilte i Frankrike og Italia.

I artikkel 17 nr. 3 i forordning (EØF) nr. 822/87⁽⁴⁾ er det fastsett at ei viss form for avsymring er tillaten berre i ein overgangsperiode. For at det skal kunne gjerast eit endeleg vedtak om denne teknikken i løpet av vinåret 1997/1998, bør den aktuelle føresegna gjelde i endå eit vinår.

Kjenneteikna ved den austerriske vinproduksjonen og mangelen på naudsynt utstyr til destillasjon av biprodukt frå vinframstilling gjer det uråd å gjennomføre dette tiltaket. Under desse omstenda bør plikta for Austerrike til å destillere bytast ut med ei plikt til å trekkje dei førnemnde biprodukta tilbake under kontroll.

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT nr. L 196 av 24.7.1997, s. 10, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 78/98 av 17. juli 1998 om endring av EØS-avtalens protokoll 47 om opphevelse av tekniske hindringer for handel med vin, se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(¹) TEF nr. C 101 av 27.3.1997, s. 19.

(²) TEF nr. C 200 av 30.6.1997.

(³) Fråsegn gjeven 29. mai 1997 (enno ikkje offentleggjort i TEF).

(⁴) TEF nr. L 84 av 27.3.1987, s. 1. Forordninga sist endra ved forordning (EF) nr. 536/97 (TEF nr. L 83 av 25.3.1997, s. 5).

Inntil Rådet har vedteke reforma for vinsektoren, og for å unngå eit rettsleg tomrom bør dei føresegnene som er nemnde i artikkel 39 i forordning (EØF) nr. 822/87, gjelde i endå eit vinår.

I artikkel 46 nr. 4 i forordning (EØF) nr. 822/87 er det fastsett at salsfremjande kampanjar for å auke forbruket av drueråsaft kan gjennomførast berre fram til vinproduksjonsåret 1996/1997. For at verknaden av kampanjane skal kunne vurderast, bør dei halde fram i endå eit vinår.

I artikkel 65 nr. 5 i forordning (EØF) nr. 822/87 er det fastsett at Kommisjonen i vinproduksjonsåret 1996/1997 skal leggje fram for Rådet ein rapport om det høgste innhaldet av svoveldioksid i vin, saman med eventuelle framlegg i samband med dette. Innhaldet av svoveldioksid er eit viktig problem for vinsektoren, og det må difor utarbeidast framlegg der det særleg vert teke omsyn til det arbeidet som Det internasjonale vinkontoret (OIV) gjer. Tidsfristen bør difor lengjast med eitt vinår.

Med omsyn til vindyrkingspotensialet er all atplantning av vinstokkar underlagd ei ordning med atplantingsrettar. Nokre marknadsdeltakarar har rettar som går ut i vinproduksjonsåra 1996/1997 og 1997/1998. Inntil Rådet har vedteke reforma for vinsektoren, og av omsyn til marknadssituasjonen i vinsektoren bør dei førnemnde atplantingsrettane halde fram med å gjelde inntil 1. januar 1999 —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

I forordning (EØF) nr. 822/87 vert det gjort følgjande endringar:

1. I artikkel 6 nr. 2 vert følgjande strekpunkt lagt til etter første strekpunktet:

«— arealer beregnet på dyrking av morrotstokkar for podekvister. Druer fra disse vinstokkene kan ikke høstes eller må destrueres dersom de

høstes; medlemsstatene skal treffe de nødvendige tiltak for å sikre at denne bestemmelse får anvendelse.»

2. I artikkel 16 nr. 5 tredje leddet vert «mellom 1. januar 1996 og 31. august 1997» endra til «mellom 1. september 1997 og 31. august 1998».
3. I artikkel 17 nr. 3 vert «31. august 1997» endra til «31. august 1998».
4. I artikkel 35 skal nr. 4 lyde:

«4. Enhver fysisk eller juridisk person eller sammenslutning av personer som bearbeider druer høstet i vindyrkingssone A, i den tyske delen av vindyrkingssone B eller på vindyrkingsarealer i Østerrike, skal trekke tilbake biprodukter fra denne bearbeidingen under kontroll og på vilkår som skal fastsettes.».
5. I artikkel 39
 - a) nr. 3 tredje leddet vert «til utgangen av vinåret 1996/1997» endra til «til utgangen av vinåret 1997/1998»,
 - b) nr. 3 fjerde leddet vert «fra vinåret 1997/1998» endra til «fra vinåret 1998/1999»,
 - c) nr. 10 første og andre leddet vert «1996/1997» endra til «1997/1998»,
 - d) nr. 11 vert «1996/1997» endra til «1997/1998».
6. I artikkel 46 nr. 4 vert «1996/1997» endra til «1997/1998».
7. I artikkel 65 nr. 5 vert «1. april 1997» endra til «1. april 1998» og «1. september 1997» til «1. september 1998».
8. I vedlegg I nr. 13 skal tredje leddet lyde:

«I vinåret 1997/1998 kan bordviner som er framstilt i Frankrike, Italia, Portugal og i andre spanske deler av vindyrkingssone C enn regionene Asturias, Balearene, Cantabria og Galicia samt provinsene Guipúzcoa og Vizcaya, og som er frigitt for forbruk på henholdsvis det franske, italienske, portugisiske og spanske marked, ikke ha et totalt syreinnhold som er lavere enn 3,5 gram per liter, uttrykt i vinsyre.».
9. I vedlegg V bokstav e) vert følgjande ledd lagt til:

«Gyldighetstiden for de gjenplantingsrettigheter som utløper i vinproduksjonsårene 1996/1997 og 1997/1998, forlenges til 1. januar 1999.».

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde tredje dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Ho skal nyttast frå 1. september 1997.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 22. juli 1997.

For Rådet

F. BODEN

Formann